



Bjørn Olav Tveit håpar prisen vil inspirera

Som første kommune i landet har Kvinnherad lansert ein arbeidsmiljøpris. Det er fagrørsla som står bak og uskedelingen Bjørn Olav Tveit har stått sentralt i lanseringa, Prisen skal fremja arbeidsmiljøet i bedriftene.

Tveit, som representerar Utdanningsforbundet, strekar under ynskjet bak prisen som er å løfte fram dei som gjer noko for arbeidsmiljøet. Det blir gjort mykje godt arbeid i bedriftene og Tveit trur prisen vil verka inspirerande.

Prisen er eit kunstverk av keramikar Dag Sørensen og delast ut under eit felles arrangement i november kvart år.

Bedrifter som melder på kandidatar må som eit minstekrav ha tariffavtale. Påmeldinga kan skje frå dags dato gjennom dei lokale fagforeningane. Fem fagforeningsleiarar skal vurdere forslaga.